

Forskrift om ordensreglar for Årås skule

- Alle som har ei rolle på Årås skule, anten det er tilsette, elevar eller foreldre, har ansvar for å skape eit godt skulemiljø, og ordensreglane gjeld så langt dei passar for både vaksne og born i møte med skulen. Det er viktigare enn alt anna på vår skule at vi bryr oss om kvarandre og tek avstand frå mobbing og meiningslaus øydelegging/hærverk.
- Ordensreglane skal bidra til utvikling av sosiale eigenskapar og bygging av positive relasjonar mellom elevane og mellom personalet og elevane. Reglane skal bidra til trygge rammer i læringsmiljøet.
- Ordensreglane skal gjerast kjende for elevar og foreldre kvart år ved skuleårets start. Dei vert tekne opp som tema i klassane, og på første foreldremøte om hausten.
- Elevane blir vurderte i orden og åtferd i forhold til i kva grad dei opptrer i tråd med ordensreglementet, jf. forskrift til opplæringslova § 3–5.

Som elev har du rett til å:

- ha eit godt arbeidsmiljø.
- bli hørt i saker som gjeld ditt eige forhold til skulen.
- få forklara deg før ein tek avgjerd om refsingstiltak

Som elev har du plikt til å:

- arbeide for eit godt lærings- og arbeidsmiljø
- rette deg etter beskjedar frå lærar eller annan vaksen person på skolen.
- ha skulesakene dine i orden og å ta godt vare på dei.
- ta ansvar for pengar og andre verdisaker som du har med på skulen.

Reglar:

1. Vi møter presis til timane, og har med skulebøker, eigna tøy til kroppsøving og anna utstyr som er nødvendig for opplæringa.
2. Vi helse på kvarandre ved starten på ein ny dag og ved skifte av faglærar.
3. Vi behandlar kvarandre på ein god og respektfull måte.
4. Vi held arbeidsro i timane og viser respekt for undervisninga.
5. Vi tek godt vare på alt som høyrer skulen til, både ute og inne. Dette gjeld og skulebøker og anna undervisningsmateriell.
6. Skulens datareglement gjeld for bruk av IKT.
7. På barnetrinnet er alle til vanleg ute i friminutta. På ungdomstrinnet er det lov å vera inne på bestemte område.
8. Vi held oss innafor skulen sitt område i skuletida, dersom anna løyve ikkje er gitt.
9. Vi kastar boss i bosskorgene, og vi held skulen sitt område reint og ryddig.
10. Vi bruker ikkje utstyr som kan forstyrre undervisninga, kan skada eller vere til ubehag for andre.
11. Mobiltelefon skal vere slått heilt av i skuletimar.
12. Banning, slåssing samt forstyrring av andre, er å visa manglande respekt for og

- omsyn til andre, og er ikkje lov.
13. Hærverk, vald, mobbing, rasistiske utsegn og handlingar og all form for sjikane er forbode.
 14. Bruk av tobakk, snus eller andre rusmiddel er forbode.
 15. Å ha med og/eller bruk av eksplosivar samt eldpåsetjing er forbode
 16. Å ha med og/eller bruk av våpen og andre farlege gjenstandar er forbode.
 17. Misbruk av brannvarslarar er forbode.
 18. Snøballkasting er berre lov på tilviste plassar.
 19. Snop hører ikkje med i skulekvardagen.
 20. Det er ikkje lov å fuska ved prøvar og på eksamen.
 21. Elevar skal ikkje hindre eller forstyrre gjennomføring av eksamen, jf. Forskrift til opplæringsloven § 3-36.
 22. Ved fråvær skal det gjevast skriftleg melding til skulen seinast etter tre dagar.
 23. Motoriserte kjøretøy skal parkerast på anviste plassar, og skal ikkje brukast i skuletida.
 24. Sykling på skuleplassen er ikkje lov i skuletida.

Konsekvensar ved regelbrot

Konsekvensar som gjeld alle elevar.

- Ved regelbrot kan eit eller fleire av følgjande tiltak setjast i verk
1. Samtale med kontaktlærar, rådgjevar, inspektør eller rektor.
 2. Munnleg eller skriftleg åtvaring frå kontaktlærer.
 3. Munnleg eller skriftlig åtvaring frå rektor/inspektør.
 4. Ved grove eller gjentekne brot, tek ein kontakt med føresette.
 5. I enkelte tilfelle, ved for eksempel slåssing, kan eleven(ane) bli fjerna frå situasjonen, om naudsynt med fysisk inngrep.
 6. Pålegg om oppgåver for å rette opp skade ein har påført skolens eigedom eller utstyr (rydda søppel, vaska golv, fjerna tagging etc.
 7. Rusmiddel, farlege gjenstandar, eller gjenstandar som blir brukt anten på ein uforsvarleg måte eller som forstyrrar undervisninga, blir beslaglagde. Ved beslaglegging blir heimen alltid varsla. Beslaglagde gjenstandar vert leverte ut att anten etter skuletid eller neste skuledag. Beslaglagt mobiltelefon må hentast av føresette. Ulovlege gjenstandar og rusmiddel vert normalt leverte til politiet.
 8. Ved ulovleg bruk av IKT, gjeld dei reglane som er gitt i skulens datareglement, jf. kap. 4 nedanfor.
 9. Ved enkelte regelbrot kan det vere aktuelt at elev(ar) ikkje får gå ut i friminutt og/eller ikkje får vera på bestemte område ute. Det kan og vera aktuelt å måtte halda seg i nærleiken av ein bestemt vaksen person i friminutta
 10. Elevar og foreldre kan vera økonomisk ansvarlege for skadar som borna har gjort aktlaust eller forsetteleg, opp til kr. 5.000,- pr. skade, jf. Lov om skadeerstatning §§ 1-1 og 1-2.
 11. Ved eldpåsetjing, bruk av eksplosivar på skulens område eller andre straffbare forhold, vil saka normalt bli meldt til politiet. Politiet kan og i slike tilfelle opprette sak på eige initiativ.
 12. I alvorlege tilfelle kan rektor vise ein elev bort frå skulen inntil tre dagar på ungdomstrinnet og for enkle timar eller resten av dagen på barnetrinnet, jf.

opplæringslova §§ 2–10.

13. Erstatning for skadeverk. Skulen ser seg nøydd til å stille elevar «som ved aktløyse gjer skade på skulens eigedom» (sjå skulemiljøreglane)- til økonomisk ansvar. Skadeerstatningslova er tydeleg på dette området.

Andre konsekvensar særleg for ungdomstrinnet:

1. Ordenskarakteren kan bli sett ned, jf. Forskrift til opplæringslova § 3-5, 2. ledd.
2. Åtferdskarakteren kan bli sett ned, jf. Forskrift til opplæringslova § 3-5, 3. ledd.
3. Dersom åtferda til ein elev hindrar eller forstyrrar gjennomføringa av eksamen, kan eleven, etter å ha blitt åtvara, visast bort, jf. Forskrift til opplæringslova § 3-36.

Forskrifta om ordensreglement er fastsett med heimel i opplæringslova § 2-9 første ledd, og delegert fullmakt frå Austrheim kommune, Årås 26. august 2010

Avtale for bruk av Internett/ skulen sine datamaskiner

Datamaskinene på skulen skal berre nyttast i samband med undervisninga.

1. Eg skal berre bruke mitt eige passord og brukarnamn, desse held eg hemmeleg.
2. Eg skal ha løyve for å gå inn på ein nettstad.
3. Eg skal ikkje sjå på eller slette andre sine filer.
4. Eg skal berre sende e-post til folk eg kjenner, eller sende meldingar som læraren har gitt meg lov til.
- 5.. Eg skal spørje om lov før eg opnar e-post eller vedlegg frå folk eg ikkje kjenner.
6. Eg skal berre sende høflege og nyttige meldingar.
7. Eg skal aldri gi telefonnummeret og adressa mi til ukjente.
8. Eg skal ikkje møte ukjente som eg har møtt på nettet.
9. Eg skal ikkje gå inn i praterom utan å ha fått lov av læraren.
10. Eg skal straks seie frå til læraren dersom eg ser noko ubehageleg, eller får meldingar eg ikkje likar.
11. Bryt eg desse reglane med vilje, kan læraren nekta meg å bruka internett og datamaskinene på skulen.

(Datalæraren/systemansvarleg kan sjekka kva nettstad eg har besøkt – han/ho må gi meg melding om det på førehand).

Reglar for bruk av mobil

- Det er forbode å nytte mobil i skuletida.
- Mobilen skal leverast inn til lærar før 1.time.
- Mobilen vert oppbevart på magasinet og utlevert i det elevane går heim om ettermiddagen.
- Dersom ein elev nyttar mobil i skuletida, får eleven ein ordensmerknad og mobilen må hentast av dei føresette.
- Lærarane og tillitsvalde i klassen samarbeider om at reglementet vert følgd.

Reglementet gjeld frå 01.01.2014

